

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
041/2018	Formannskapet i Radøy	PS	07.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Grete Algrøy Herøy	18/1486	18/7896

Bustadsosial handlingsplan for perioden 2018-2022

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I planstrategien for Radøy kommune for perioden 2016-2020 er det vedteke at bustadsosial handlingsplan skal reviderast. Planen skulle vore ferdig innan 2017, men av ulike grunnar ligg den først no føre.

Den bustadsosial handlingsplanen er ein temaplan under Helse, sosial og omsorgsplanen som er venta vedteken i juni 2018. Det er ikkje krav til at ein temaplan skal ut på høyring. For breiast mogeleg involvering har planen vore presentert for Ungdomsrådet 11.12.2017 og for Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i møte 30. april 2018.

Avgrensingar i planen: Det er ikkje lagt fram forslag om kvar nye bustader skal plasserast, eller kva typar bustader som er eigna. Planen er eit dynamisk dokument, det skjer store endringar på kort tid, og det må vere rom for å justere og evaluere fortløpande i planperioden

Planen er utarbeida av tenesteleiar i Omsut, sekretær i pleie og omsorg, ruskonsulent og kommunalsjef.

Vurdering

Det er først og fremst den einskilde sitt ansvar å skaffa seg eigna bustad. Om ein av ulike grunnar ikkje klarar det, skal kommunen hjelpa til og/eller leggja til rette for at alle har eit bustadtilbod som i så stor grad som råd høver for situasjonen til den einskilde.

Planen er bygt opp over den mal som Husbanken rår til, og har teke opp dei tema som er relevante. Den er forholdsvis kortfatta og har ein handlingsplan del, med økonomiprognose til slutt.

Hovudtrekka i planen er ei kartlegging av nosituasjon, forventna utvikling og konklusjon i form av punktvis handlingsplan.

Tre sentrale punkt :

- Oppgåver innanfor handsaming av bustadsaker er fordelt på mange personar/stillingar og gjev eit usamanhengande og lite brukarvenleg resultat for dei som skal søkja råd, rettleiing og teneste. Det må gjerast organisatoriske endringar som kan betre heilhet.
- Delar av bustadmassen er gammal og utdatert og treng kraftig rehabilitering.
- Det må byggjast fleire tilpassa bustader for vanskelegstilte. Med vanskelegstilte meinast

den gruppa menneske som ikkje kan/har moglegheit til å skaffa seg eigna bustad på eigen hand.

Folkehelse: Det er av stor verknad for mange forhold korleis ein bur. Buforhold kan påverke helse, økonomi og sosiale forhold. Plassering og utforming av bustad, tilbod om bu- og helse hjelp og sosiale kvaliteter vil vera faktorarar som påverkar livskvalitet og trivsel.

Økonomi: Handlingsplanen har økonomiske konsekvensar som vil bli teke med som einskildsaker i arbeidet med økonomiplan for komande periode, og vil bli å ta stilling til der. Det er lagt til grunn nye investering i bustader. Det er for tidleg i prosessen og for usikkert å laga utgreiing over kor mykje som kan koma som tilskot frå Husbanken eller kor mykje husleigeinntekter som kan påreknast. Bygging av nye bustader vil også kunne føre med seg reduserte NAV utgifter.

Konklusjon:

Bustadsosial handlingsplan er rimeleg kortfatta, og har konkrete utfordringar og mål for perioden. Kommune har eit ansvar for å leggja til rette for, og ivareta dei med dei med særskilde behov på ein tilfredstillande måte. Planen peikar på dei viktigaste utfordringane ein står framfor no.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bustadsosial handlingsplan for perioden 2018-2022 vert vedteken

Formannskapet i Radøy - 041/2018

FS - handsaming:

Rådmann Jarle Landås understreka at bustadsosial handlingsplan er ein viktig reiskap for å få oversikt over behov og strategiar for å dekkja behovet for bustader.

Kirsti Gjetle Floen (AP) peika på at det er eit behov for kommunale bustader, særleg innan rus og psykiatri. Ho understreka at Bustadsosial handlingsplan vil omfatta mange ulike menneske og grupper.

Anne Berit Bø Palmesen (SP) meiner det er viktig at kommunen har eit tett samarbeid med pårørande, og sa at det er viktig for unge i etableringsfasen å eiga sin eigen bustad. Ho advara mot einssidig satsing på utleigebustader.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Bustadsosial handlingsplan for perioden 2018-2022 vert vedteken.

Vedlegg:

Bustadsosial handlingsplan arbeidsdokument (2) versjon pr. 24.5.2018